


Åseral kommune

Arealrekneskap

Kommuneplanens arealdel 2023-2034



Nummer på oppdrag: 378020239
Oppdragsnavn: Åseral kommune
Dokument nummer: 01
Filnavn: HL Arealrekneskap Åseral kommune KPA_20.12.2023.docx
Forsidebilette: Åseral kommune (2023)

Dokument- nummer	Dato	Type dokument / Revisjonen gjeld	Utarbeida av	Kontrollert av	Godkjent av
01	30.11.23	Arealrekneskap	CF MR	MR CF	
Revidert	20.12.23	Arealrekneskap	CF MR	MR CF	

Henning Larsen Architects AS
Vestre Strandgate 67,
4612 Kristiansand

NO-998701961
T +47 452 95 558
Epost: @henninglarsen.com

www.henninglarsen.com

Innhald

1	Bakgrunn.....	4
1.1	Om arealrekneskap - Kva er eit arealrekneskap, og kva er hensikta med det?.....	4
1.2	Metode	4
1.3	Kjelder.....	6
2	Generelt	7
2.1	Arealtypar og naturressursar.	8
3	Arealføremål i gjeldande planar	10
4	Bustad- og sentrumsføremål.....	11
5	Fritidsbustader	16
6	Næring	22
7	LNFR.....	26
8	LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbustader eller næringsbygningar	30
9	Veg og samferdsel	35
10	Oppsummering.....	40

1 Bakgrunn

Kommunal- og distriktsdepartementet anbefaler kommunane å utarbeide arealrekneskap som ein del av kommuneplanarbeidet. Det er førebels ikkje eit krav om arealrekneskap, men det er ei klar forventning om at planar skal være realistiske og mogleg å gjennomføre. I ein slik samanheng er arealrekneskapen eit nyttig verktøy for å gjere vurderingar som knyter seg til disponering av areal i kommuneplanen. Føringer for arealrekneskap for Åseral kommune finn ein i planprogrammet for arealdelen til kommuneplanen.

1.1 Om arealrekneskap - kva er eit arealrekneskap, og kva er hensikta med det?

Arealrekneskap er eit verktøy som gjev kunnskap om kommunen sin arealbruk og oversikt over utbyggingspotensialet innafor gjeldande planar.

Samanstilt med befolkningsprognosar kan arealrekneskapen utgjere eit viktig kunnskapsgrunnlag når ein skal vurdere om det er behov for endringar i arealdelen. Den kan nyttast til å vurdere om ein har tilstrekkeleg arealreserve eksempelvis til bustadbygging eller næringsutvikling, eller om ein har lagt opp til for store arealreservar eller plassert føremåla på ein måte som ikkje støttar opp under måla ein har sett seg. Behovet for viktige samfunnsfunksjonar som til dømes infrastruktur og kommunale tenester som skule, barnehage og helsetilbod, vil ein også kunne vurdere i lys av arealrekneskapen.

Areal er ein avgrensa ressurs, og menneska sin arealbruk er hovudtrusselen mot naturgrunnlaget vårt. Mange artar, arts-grupper og naturtypar er i tilbakegang. Jordbruket er viktig i Åseral kommune, og tap av dyrka og dyrkbar jord vil vere uheldig. Derfor er det eit behov for å bli meir bevisste på kva type natur det er vi bygg ned, slik at vi unngår tap og nedbygging av særskilt verdifulle areal.

«Arealregnskapet kan også brukes til å framheve kvalitetene på arealene som vurderes eller foreslås omdisponert til utbyggingsformål, og bidra til økt bevissthet om konsekvensene av arealendringer.

Man kan kartlegge og føre arealregnskap over for eksempel særlig karbonrike myrområder, viktige friluftsområder, naturtyper, skog, blågrønn struktur eller sammenhengende jordbruksarealer.

Dette gir kommunen et bedre kunnskapsgrunnlag for å gjøre alternativvurderinger for omdisponering for å unngå tap og nedbygging av særlig verdifulle arealer.»

<https://www.regieringen.no>

1.2 Metode

Rettleiing om bruk av arealrekneskap er under utvikling, og det ligg ikkje føre ein anerkjent metodikk for utarbeidinga på noverande tidspunkt. Departementet har ei målsetting om at felles metodikk og betre tilgang til relevante data vert tilgjengeleg for kommunane når rettleiing er utarbeidd. Metoden som vert nytta i arealrekneskapen til Åseral kommune er valt på grunnlag av dei behov kommunen har, og ut frå det nivå kommunen ønskjer.

Metoden som vert nytta støttar seg på rapporten «Kartlegging av praksis rundt bruk av arealregnskap i kommuneplan» (juni, 2020)¹, utarbeidd på oppdrag frå KMD. Det vert samla dokumentasjon om kommunen sin arealbruk og arealreserve for følgjande arealføremål i arealdelen av kommuneplanen.

- Bustader og sentrumsføremål²
- Fritidsbustader
- Næring
- LNFR
- LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbustader eller næringsbygningar
- Veg/samferdselsføremål

Spørsmåla som vert løfta i analysen er:

Er arealreserve for dei einskilde utbyggingsføremål rett dimensjonert?

Kva natur vert bygd ned dersom arealreserven vert bygd ut?

Kva for klimakonsekvensar vil utbygging av arealreserven ha?

Arealoversikta skal gje eit grunnlag for å vurdere behov for endring i arealdelen av kommuneplanen ut frå overordna mål om å nå eigne arealstrategiar slik dei går fram av planprogrammet. Vidare kan dei nyttast til å vurdere behov for å endre utbyggingsføremål for å unngå nedbygging av verdifull natur og minimere klimakonsekvensar av kommunen sin eigen arealbruk. Arealrekneskapen tar utgangspunkt i datamateriale som alt er tilgjengeleggjort gjennom Agder fylkeskommune sine sider. Det gjerast merksam på at rekneskapen ikkje inneheld informasjon om naturverdi eller naturtypar, men nyanserer arealtypane med dei eigenskapar som alt er registrerte i arealressurskarta (AR5 og AR50). Arealtypane som er kartlagt er bygde område og samferdsel, fulldyrka og overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog, open fastmark, myr og ferskvatn.

Arealrekneskapen er ei «ferskvare». Endringar i arealbruken skjer gjennom utbygging i tråd med vedtekne planar, men også gjennom dispensasjonar. For å halde oversikt over eigen arealbruk må ein jamleg oppdatere tala ut frå dei endringar som vert gjort. Eit minimum vil vere å ha oversikt før ein endrar arealdelen av kommuneplanen og ei oversikt/kartlegging som vert oppdatert når arealdelen vert endra. Det vert difor lagt opp til to fasar i arbeidet med arealrekneskapen. I første fase vert det samla dokumentasjon om kommunen sin arealstatus og arealreserve for dei ulike føremåla. Dette skal gje kommunen oversikt over eigen arealreserve og arealbruk. Vidare vert arealreserven i kommunen vurdert i forhold til kva natur som vert bygd ned og kva klimakonsekvensar utbygginga vil kunne få. I fase to vil no-situasjonen nyttast når kommunen skal vurdere kva behov det vil være for arealendringar i komande rullering av kommuneplanen. Arealrekneskapen må vidare oppdaterast som følgje av dei arealendringane som skal gjennomførast i arealdelen. Arealrekneskapen kan nyttast til å vurdere om arealføremåla er rett dimensjonert, er rett plassert og om ein vil gjere justeringar.

¹ Kjelde: [Kartlegging av praksis rundt bruk av arealregnskap i kommuneplan \(regjeringen.no\)](#) | rapporten vart det konkludert med at omfang av arealrekneskap bør tilpassast til kommunen sin situasjon og behov.

² For føremålet bustader vel vi å inkludere sentrumsføremål sjølv om ikkje det går direkte fram av planprogrammet. Grunngevinga for dette er at det forenkla arbeidet med arealrekneskapen fordi dette er ein felles kategori i Agder fylkeskommune sitt arealrekneskap.

Fase 1	Fase 2
1. Oversikt arealstatus i kommunen. 2. Oversikt over arealreserve i kommunen. 3. Vurdering av arealreserven i kommunen. Spørsmål: 1. Er arealreserve for einkilde føremål rett dimensjonert? 2. Kva natur vert bygd ned dersom arealreserven vert bygd ut? 3. Kva for klimakonsekvensar vil utbygging av arealreserven ha?	1. Oppdatere arealrekneskapen som følgje av endringar i arealdelen av kommuneplanen. 2. Vurdere om einkilde arealføremål er meir rett dimensjonert etter endringa. 3. Vurdere korleis endringane slår ut for kommunen sine eigne arealstrategiar, eventuelt tap av verdifull natur og klimakonsekvensar.

1.3 Kjelder

Agder har fått utarbeidd eit arealrekneskap for heile fylket, og dette er tilgjengeleg via Agder fylkeskommune sine nettsider. Arealrekneskapen var klar i 2022 og gjev ein samla oversikt om areal som er tatt i bruk anten ved å være bygd på eller opparbeida, fordeling av arealtypar og planlagt arealbruk. Informasjon om areal som er bygd på eller opparbeida er basert på Statistisk sentralbyrå (SSB) sitt datasett for arealbruk (2022). Arealtypeinformasjon er basert på datasetta AR5 og AR50 (arealressurs), mens planinformasjonen byggjer på kommuneplanar, kommunedelplanar og reguleringsplanar. Det heilskaplege arealrekneskapet til Agder knyter informasjonen frå desse kjeldene saman. Arealregnskapet som Agder fylkeskommune har utarbeidd inneheld ikkje informasjon om naturverdi eller naturtype, og det er difor ikkje nyansert i tala som vert presentert.

Agder fylkeskommune viser til at det må takast visse atterhald om feilkjelder både i grunnlag, ved informasjonsinnhenting og tolking³. Planreserven er vurdert nøkternt ut frå utbyggingsområde som fortsett er ubygd, og som har eit reelt utbyggingspotensiale. Det er ikkje teke med i berekninga det moglege utbyggingspotensialet som ein kan oppnå gjennom fortetting eller transformasjon i avsette utbyggingsføremål.


I denne arealrekneskapen er det tatt utgangspunkt i følgjande kjelder:

[Presenterer et helhetlig arealregnskap for Agder - Agder fylkeskommune \(agderfk.no\)](#)
 Microsoft Power BI
[Arealregnskap for Agder 2022 \(arcgis.com\)](#)
 Kommunekart

³ Utdjupande informasjon om feilkjelder finn ein her: [Microsoft Power BI](#)

2 Generelt

Åseral kommune hadde eit folketal på 912 innbyggjarar per 1. januar 2022. Det totale arealet innafor kommunegrensa er på om lag 891 025 dekar⁴. Dette arealet inkluderer landareal og ferskvatn. I dei gjeldande planar som Åseral kommune har, utgjer alle utbyggingsføre mål til saman om lag 17 155⁵ dekar. Vel 9 815 av desse er antatt planreserve for alle utbyggingsføre mål. Nedafor ser ein at arealtypepane⁶ skog og open fastmark utgjer største del av kommunen sitt areal. Berre vel 9 490 dekar utgjer dyrka mark. Dyrka mark inkluderer både fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Kategorien «andre arealtypepar» inkluderer bebygd areal, samferdselsareal og myrområde. Utbyggingsføre målet det er sett av størst plass til er fritidsføre mål, også når det gjeld antatt planreserve for dei ulike utbyggingsføre måla.




Figur 1: Oversikt over arealbruk.

Dersom ein ser nærare på arealtypepane innafor kommunegrensa, ser ein igjen at open fastmark, etterfylgt av skog utgjer største del av arealressursen i Åseral. Ferskvatn og myr kjem på tredje og fjerde plass. Kategoriane fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite utgjer til saman dyrka mark. Nedafor vil vi gå litt nærare inn på naturressursane kommunen forvaltar.

⁴ Kjelder for tal og tabellar: [Arealregnskap for Agder 2022 \[arccgis.com\]](#).

⁵ Talet inkluderer ikkje areal sett av til LNFR der spreidd bustad-, fritidsbustad- eller næringsføre mål inngår. Det inkluderer heller ikkje føre mål som grønstruktur, naturområde eller liknande kategoriar som ikkje medfører nedbygging av natur.

⁶ Sjå gjerne [Definisjon av Arealtypepar etter AR5](#)



Figur 2: Figuren synar kva arealtype areala til kommunen utgjer i dag.

2.1 Arealtype og naturressursar

Dyrka mark (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite)

Dyrka mark utgjer vel tre prosent av Noreg sitt landareal i dag, og berre ein prosent eignar seg til å dyrke matkorn⁷. I Åseral kommune utgjer dyrka mark vel 1 prosent av landarealet. God matjord er i praksis ein ikkje-fornybar ressurs, og som arealforvaltar har kommunen ei viktig rolle i å ivareta denne ressursen. For å betre balansen mellom samfunnet sine ulike arealbehov, samt styrke jordvernet og matsikkerheita, har Landbruks- og matdepartementet utarbeidd ein heilskapleg [jordvernstrategi](#).

I tillegg til verdien for matsikkerheita har også det pleide kulturlandskapet ofte både biologiske og kulturhistoriske verdiar. Desse verdiane vert trua både gjennom nedbygging, oppstykking og avvikling av gårdsdrift.

For å få eit betre kunnskapsgrunnlag om landbruket i Åseral kommune, skal det utarbeidast ein temaplan for landbruk. Temaplanen skal kartlegge og vurdere all dyrka mark, overflatedyrka mark og beiteareal i kommunen. Særskilt i Kyrkjebygd (Forgard/Åsland) er det eit stort trykk på dette arealet. Beite i utmark er også eit tema som er relevant å sjå nærare på i forhold til frittliggjande fritidsbustadar.

Skog og open fastmark

Skog utgjer ein av dei største arealtypeane i Åseral kommune. Bonitet i skogbestanden er ein indikator for produksjonsevne, og er påverka av både jordsmonn og klima. Dette er vidare ein indikator for artsmangfald i skog.

⁷ Kjelde Regjeringen.no

Dersom ein ser på nasjonale tall har skog eit større karbonlager enn myr. Det kan være tilfelle også for Åseral kommune, utan at dette er nærare vurdert her. I skogsareal finn ein meir karbon under bakken enn i trestamme og greiner, men årleg mengd bunden CO2 pr. areal varierer mykje og er størst når trea nærmar seg fullvaksen alder og fortsatt er i god vekst.

I Åseral kommune finn ein eit barskogområde som er omfatta av vern i Hovassdalen naturreservat som også inkluderer den vassrike dalen og myra i den flate dalbunnen.

Myr

Myra er ein av arealtypeane som er under press. Myr er ein viktig levestad for mange artar, har stor verdi som karbonlager og kan ha biologisk viktig natur. Vidare ser ein at myra er viktig for handtering av overvatn, flaumdming og filtrering av vatn. Den samfunnsmessige nytta av myr er høg, og det er viktig at ein tek dette med seg i arealforvaltninga. I 2021 vart det lagt fram ein ny naturstrategi for våtmark, og det har blitt eit auka fokus på betydninga av myr og våtmarker⁸. Auka bevisstheit kring myra si betydning gjev konsekvensar for kvar vi planlegg for nye utbyggingsføremål, og gjev grunn til å revurdere eksisterande arealreserve i arealdelen av kommuneplanen.

Ferskvatn og vassdrag

Ferskvatn, om det er grunnvatn eller overflatevatn, fossar, elver eller innsjøar, er ein viktig ressurs. Ein god forvaltning av vassressursane våre er viktig for å sikre eit rikt artsmangfald, men også for å sikre at vi opprettheld god kvalitet på drikkevatt, badevatn og til sunn matproduksjon både i notida og for framtidige generasjonar. Reint vatn er grunnlaget for alt liv, og er viktig for folkehelse, friluftsliv og for samfunnsutviklinga generelt.

Korleis vi nyttar areala våre har stor påverknad på vassmiljøa våre. Forskrift om rammer for vannforvaltninga gjev klare føringar og miljømål for vassmiljøa. Førebyggjande arbeid gjennom ei overordna planlegging vil vere både det rimelegaste og den mest effektive måten å sørge for ei god vassmiljøforvaltning.


Åseral kommune har nokre regulerte innsjøar. Slike reguleringar kan påverke miljøtilstanden negativt, til dømes ved etablering av vandringshindre og regulering av vasstanden. Samtidig har reguleringa stor samfunnsnytte ved at det bidreg til produksjon av fornybar energi, sikker drikkevassforsyning og flaumhandtering. To vassdrag som strekkjer seg gjennom Åseral er verna vassdrag. Desse er Lyngdalselva og Kosåna.

Kommuneplanar må også ta omsyn til allmenne interesser i vassdrag, kantsonene til vassdraga og grunnvatn. NVE rår til å gje vassdraga plass og unngå unødige vassdragsinngrep. Styrt arealbruk gjennom val av arealføremål gjer at ein unngår press på areala tett på vassdraga, i form av regulering eller ny utbygging.


⁸ Meir informasjon på Regjeringa.no: [Derfor er myr og våtmark viktig](#)

3 Arealføremål i gjeldande planar

Tabellen nedafor gjev ei oversikt over fordelinga av arealføremål i gjeldande planer i Åseral kommune. Det som peikar seg ut er at kommunen har svært mykje areal sett av til LNFR-spreidde utbyggingsføremål. Ein ser vidare at det sett av langt meir areal for fritidsbustader enn til bustader og sentrumsføremål. Blågrøn struktur og idrettsanlegg peikar seg også ut. Mest areal i kommunen ligg likevel som reint LNFR-føremål. Vi vil gå nærare inn på dei arealføremåla som planprogrammet har peika på som fokusområde i arealrekneskapan.



Figur 3: Arealføremål i gjeldande planer.



Figur 4: Føremål areala i kommunen er avsett til i dag.

4 Bustad- og sentrumsføremål

Oversikt over status for avsett areal og arealreserve i gjeldande planar (dekar)

Areal avsett til føremålet i gjeldande planar	Areal som alt er utbygd til arealføremålet	Antatt arealreserve i gjeldande planar	Antatt arealreserve pr. innbyggjar
1137	138	804	0,88 (0,66*)

*For berre bustadareal, når ein held sentrumsføremål utanfor.

I følge arealrekneskapen er det 1137 dekar som er avsett til bustader eller sentrumsføremål⁹ i ulike arealplanar i heile Åseral i dag. Felta ligg hovudsakeleg i sentrumsnære område slik som Kyrkjebygd, men også andre større og mindre felt ligg rundt i kommunen. Av avsett areal i gjeldande planar er 138 dekar utbygd til føremålet. Den tettaste busetjinga i kommunen er rundt nordenden av Øre (Ørevatnet) ved administrasjonssenteret Kyrkjebygd. Vel 60% av innbyggjarane er busette her¹⁰. Arealreserven er på om lag 804 dekar. Mykje av denne arealreserven ligg langt unna Kyrkjebygd.



Figur 5: Areal avsett til bustad eller sentrumsføremål omkring Kyrkjebygd.


⁹ Kombinerte føremål inngår ikkje i desse tala. I sentrum av Kyrkjebygd er til dømes eit par større felt avsett til kombinerte føremål der bustader inngår. Desse områda er ikkje tatt med i berekningane, og ein må derfor rekne med at arealet som kan nyttast til bustader og sentrumsfunksjonar er noko større enn det som går fram her. Det same gjeld andre føremål som inngår i kombinerte føremål, slik som til dømes ulike formar for næring. Kommuneplanen opnar i tillegg for spreidd bygging i delar av kommunen, og er ikkje medrekna her. Tala som vert presentert gir likevel eit innblikk i kor mykje område som til no er bygd ut og kva areala som er avsett til bustad og sentrumsføremål består av.

¹⁰ Kjelde: [Store norske leksikon](#)


Dagens arealbruk og arealtypar innafor føremålet i gjeldande planar (dekar)

Totalt avsett til bustad og/eller sentrumsføremål	Areal som alt er utbygd innafor føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord* innafor føremålet	Skog innafor føremålet	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
1137	138	29	55	726	44	66	79

Blant områda som er sett av til bustad eller sentrumsføremål, er mesteparten i dag kategorisert om ubygde. Tabellen ovanfor syner at 138 dekar av totalt 1137 er bygd ut. Med unntak av 29 dekar som er nytta til samferdsel, består dei resterande områda av ulike formar for natur i større eller mindre grad. Den klart største delen består av skog.



Når ein skil ut areal avsett til bustad eller sentrumsføremål og ser på kva som faktisk er bygd eller opparbeida, er det mest som er nytta til bustader med tilhøyrande infrastruktur. Blant desse er det ei overvekt av frittliggjande småhus, mens konsentrerte småhus er det mindre av.



Ein relativt liten del av arealet avsett til bustad eller sentrumsføremål nyttast til næring eller ulike tenester. Blant dei som blir det, er det mest kontor eller forretningsverksemd. Det er også noko tilrettelagt for overnatting.

Arealreserve innafor bustad- og sentrumsføremål

Totalt er det 0,94 dekar bustadareal per innbyggjar i kommunen, og 0,66 dekar bustadareal per innbyggjar i reserve. Til samanlikning har nabokommunar som Bygland ein arealreserve per innbyggjar på 0,32 dekar, Evje og Hornnes har 0,37, Lyngdal har 0,33, Kvinesdal 0,16, medan Hægebostad har ein arealreserve på 0,22 per innbyggjar. For berre bustadføremål er det antatt 599 dekar i planreserve. Med andre ord er det relativt mange felt avsett til bustad eller sentrumsføremål som ein ikkje har nytta i tråd med føremålet enda.

Planreservane er spreidd litt rundt i kommunen, men til dømes i Kyrkjebygd og i område sør for sentrum er det ein del ledig areal. Det er sett av to område for bustadbygging i nærleiken av Egså som til saman utgjør vel 315 dekar. Områda har stor avstand til kommunesenteret Kyrkjebygd. Storleiken på dei to bustadområda tilseier at ei eventuell full utbygging av områda vil kunne endre tyngdepunktet i kvar befolkninga bur i kommunen, og slik sett utfordre arealstrategien om å styrkje Kyrkjebygda som sentrum.




Figur 6: Antatt planreserve for bustad og sentrumsføremål ved Kyrkjebygd og lenger sør i kommunen.

Kva for areal vert potensielt bygd ned? (dekar)

Bustad- og/eller sentrumsføremål	Totalt	Areal alt utbygd innafor føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Antatt arealreserve	804	8	1	43	653	36	63	1


*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

Når det gjeld antatt planreserve og kva for areal som potensielt vert bygd ned, syner tabellen ovanfor korleis denne fordelar seg på ulike arealtypar. Vel 43 dekar dyrka/dyrkbar jord og vel 63 deka myr ligg innafor den antekne planreserven. Den klart største arealtypen er skog, med vel 653 dekar.



I og med at det er store skogfelt blant planreserven som er avsett til bustader og sentrumsføremål, kan det vere interessant å sjå nærmare på kva desse felta består av. Som diagramma nedanfor synar, er det for det meste barskog. Ein stor del er såkalla impediment – noko som vil sei at marka ikkje egner seg for dyrking. Marka er for det meste grunnlendt og jorddekt.

Bustader og sentrumsføremål – arealbruk på antatt planreserve innanfor skogsområde



Klimakonsekvensar ved utbygging

Dersom 100% av arealet avsett til bustad eller sentrumsføremål vert utbygd over 20 år, tilsvara det 26 668 tonn CO₂ekv. Dersom det blir ubygd den neste 20 åra, er det berekna at ein sparar 2268 tCO₂ekv¹¹.

Ved å primært endre lokalisering av bustadføremål i gjeldande KPA, sekundært redusere bustadarealet, vil ein kunne unngå å byggje ned myr og anna verdifull natur. Mellom anna ser ein at to bustadområde som fortsett er ubygd, utgjer opp mot 60 dekar myr.

26 668

tCO₂ekv ved full utbygging (20 år)

-2268

tCO₂ekv hvis uberørt (20 år)

¹¹ Tonn CO₂-ekvivalenter slik dei kjem fram her byggjer på faktorane som nyttast av Miljødirektoratet i deira verktøy for berekning av effekt av arealtypeendringar. Utsleppsmengdene forutsette 100% nedbygging. Tall for netto utslepp og opptak bygger på same kjelde, men avviker frå offisiell statistikk.


5 Fritidsbustader

Oversikt over status for avsett areal og arealreserve i gjeldande planar (dekar)

Areal avsett til føremålet i gjeldande planar	Areal som alt er utbygd til arealføremålet	Antatt arealreserve i gjeldande planar	Antatt arealreserve pr. innbyggjar
8340	1338	5356	5,87

I Åseral kommune er det lagt til rette for fritidsbustader både i regulerte felt og i LNFR, innafor visse rammer. Kommunen har i dag avsett forhaldvis store areal til fritidsbustader i arealdelen – langt meir enn det som er avsett til bustad og sentrumsføremål. I åra som kjem er det venta at det vert bygd ut fleire fritidsbustader. Dette delkapitelet tar for seg felta som er avsett til fritidsbustader som eit eget arealføremål, altså ikkje som ein del av LNFR-område. Dette omtalast i eit seinare kapittel.

Felta med fritidsbustader er hovudsakeleg konsentrert til hytteområda kring Ljosland, Bortelid og Eikerapen. Det er få område som ligg utanfor desse tre stadene. Ved både Ljosland, Bortelid og Eikerapen er det areal som er bygd ut og som er klar til å byggjast ut i tråd med føremålet. Alle tre stadene er etablerte hytteområde, som er planlagt for vidare vekst i åra som kjem. Totalt er 8340 dekar avsett til fritidsbustad i kommunen.




Figur 7: Område avsett til fritidsbustad ved Ljosland og Bortelid.

Dagens arealbruk og arealtypar innafor føremålet i gjeldande planar (dekar)


Totalt avsett til fritidsbustad	Areal som alt er utbygd innafor føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord* innafor føremålet	Skog innafor føremålet	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
8340	1338	101	25	3993	2340	506	37

Arealtypen innafor felte avsett til fritidsbustad består i dag fyrst og fremst av skog. Mesteparten av områda er ubygde. Mens 3996 dekar er kategorisert som skog, er 1338 dekar kategorisert som alt bygd på. Dette vil likevel ikkje sei at alle områda som ikkje er bygd på ikkje er prega av bygg eller infrastruktur.




Fleire av områda som ikkje er kategorisert som bygde, består av restareal mellom felt som er opparbeida. Nedanfor visast eit døme på dette ved Eikerapen. Figuren til venstre synar bygde område, mens figuren til høgre synar skogsområde – begge innanfor felt avsett til fritidsbustad. Skogsområda som er fragmenterte og ligg tettare på dei bygde områda, er generelt meir prega av bygg og infrastruktur enn skogsfelt som ligg lenger unna og er større. Med andre ord må ein ha med i betraktning at felt kan ha ulik kvalitet avhengig av plassering og utforming. Samla sett har Åseral fleire og større område som ikkje er bygd ut i dag, men der ein har lagt til rette for at dette kan gjerast i framtida.

Når ein skil ut arealføremål avsett fritidsbustad og ser på det som er bygd eller opparbeida, er det klart mest som er nytta til fritidsbustader. Ein god del er også nytta til diverse infrastruktur, slik som vegareal. Det er også fleire område med næringsverksemd og tenesteyting. Innanfor sistnemnde kategori inngår mellom anna industri og overnatting, som ein finn ein del av i de tidlegare nemnde hyttefelte.



Figur 8: Område avsett til fritidsbustad. Til venstre: Areal som i dag er bygd på. Til høgre: Areal som i dag består av skog.

Bebygd eller opparbeidet - Hovedklasse





Kva for areal vert potensielt bygd ned? (dekar)

Fritidsbustadføremaal	Totalt	Areal alt utbygd innafør føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Antatt arealreserve	5356	35	1	22	2872	2077	338	11


*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

Når det gjeld antatt planreserve og kva for areal som potensielt vert bygd ned, synar tabellen ovanfor korleis denne fordeler seg på ulike arealtypar. Igjen er det på skogområda det er størst antatt arealreserve, men også mykje areal som er kategorisert som opent område er ubyggt. 338 dekar med myr er også eit høgt tal. Generelt er det ein stor antatt planreserve som ligg inne i eksisterande planar. Samla sett er 5356 dekar fritidsføremaal antatt som planreserve på noverande tidspunkt. Per innbyggjar er det i dag berekna 9,14 dekar fritidsareal per innbyggjar, der 5,87 dekar er antatt som reserve per innbyggjar. Figuren nedanfor synar døme på arealreserven på Ljosland, Bortelid og Eikerapen.




Figur 9: Antatt planreserve av fritidbustader ved Ljosland og Bortelid til venstre og Eikerapen til høgre.

Når ein ser nærmare på skogen i antatt planreserve og kva denne består av, utgjer om lag halvparten barskog og halvparten lauvskog. Når det gjeld marka er denne for det meste grunnlendt og jorddekt. Sjølv om prosentandelen ikkje er så høg når det kjem til område med høg bonitet, vil ein på grunn av det store arealet som er avsett risikere å byggje ned fleire område med verdifull natur. Figuren nedanfor synar døme på eit slikt område ved Eikerapen. Feltet som er utheva er eit skogsfelt med høg bonitet. Totalt er det 178 dekar med skog med høg bonitet innanfor felt med fritidbustader i antatt planreserve. I og med at det er såpass store areal med fritidbustader i kommunen, kan det vere verdt å sjå om ein kan redusere eller eventuelt flytte område som ligg i konflikt med denne typen arealbruk.



Figur 10: Fritidsbustad-felt i antatt planreserve som har høg skogsbonitet.

Fritidsbustad – arealbruk på antatt planreserve innanfor skogsområde



Klimakonsekvensar ved utbygging

Dersom alt arealet avsett til fritidsbustad vert utbygd over 20 år, tilsvara det 113 476 tonn Co₂eksv. Samanlikna med områda avsett til bustad og sentrumsføremål, vil dette sei over fire gonger så mykje utslepp som desse felta dersom dei vert 100% bygd ut. Dersom områda vert utbygd i 20 år tilsvara det 7478 tCO₂ekv.

Det er eit stort potensiale for å redusere klimagassutsleppa innanfor denne arealkategorien. I følgje arealstrategiane til kommunen, skal areal til nye fritidsbustader fortrinnsvis løysast som fortetting i allereie utbygde område eller leggst inntil eksisterande felt. Dagens arealdel er stort sett i tråd med dette, ved at Eikerapen, Bortelid og Ljosland inneheld dei største samlingane av fritidsbustader – både no og med tanke på kva som er planlagt i framtida. Dette er positivt på fleire område, mellom anna gjer det at ein unngår oppstykking av natur og kan planleggje diverse infrastruktur i samanheng. Samstundes bør det sjåast på om det er nødvendig å vidareføre såpass store areal med fritidsbustader. Om mogleg kan nokon av dei kan flyttast på for å unngå nedbygging av myr og anna verdifull natur.

113 476

tCO₂ekv ved full utbygging (20 år)

-7478


tCO₂ekv hvis uberørt (20 år)

6 Næring

Oversikt over status for avsett areal og arealreserve i gjeldende planar (dekar)

Areal avsett til føremålet i gjeldende planar	Areal som alt er utbygd til arealføremålet	Antatt arealreserve i gjeldende planar	Antatt arealreserve pr. innbyggjar
324	64	156	0,17

I arealrekneskapen er næringsverksemd rekna som ein eigen kategori, medan tenesteyting og råstoffutvinning er andre kategoriar. Samla sett er 324 dekar sett av til næringsverksemd. Ein god del av desse områda ligg i og nær Kyrkjebygd sentrum. Til dømes er eit større næringsareal øst for sentrum ved Toddemonen rekna med, og eit større område vest for elva Yvero ved Åsen. Begge dei nemnde områda er i arealdelen til kommuneplanen i dag avsett til framtidig næringsverksemd. Også ved Eikerapen, Ljosland og Bortelid er det felt med næringsverksemd. Dette er i tråd med arealstrategien til kommunen.






Figur 11: Område avsett til næringsverksemd i og nær Kyrkjebygd.

Dagens arealbruk og arealtypar innafør føremålet i gjeldande planar (dekar)

Totalt avsett til næring	Areal som alt er utbygd innafør føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord* innafør føremålet	Skog innafør føremålet	Open fastmark	Myr	Fersk-vatn
324	64	14	15	92	17	89	33

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

Den faktiske arealbruken består også i dette tilfellet hovudsakeleg av skog. Med tanke på arealstorleiken som er satt av til næringsverksemd, er det elles forholdsvis mykje myr som ligg der næringsverksemd-felta er. Eit døme på dette er eit område ved Bortelid. Figur 12 til venstre under syner storleiken på arealet avsett til næringsverksemd totalt. Figur 12 til høgre under synar andelen som er kategorisert som myr. Som det kjem fram av figuren er så og sei heile område myr på noverande tidspunkt. Elles er ein relativt stor part av områda avsett til næringsverksemd bygd på i dag, med bygningar og samferdselstiltak.



Figur 12: Til venstre: Område avsett til næringsverksemd nær Bortelid. Til høgre: Område avsett til næringsverksemd nær Bortelid som består av myr.

Kva for areal vert potensielt bygd ned? (dekar)


Næringsverksemd	Totalt	Areal alt utbygd innafor føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Antatt arealreserve	156	18	-	14	43	-	75	4

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.


Når det gjeld antatt planreserve, er også myr-areal overrepresentert. I alt er det antatt en planreserve på 156 dekar for næringsverksemd. Av dette er 75 dekar myrområde. Nest størst andel er skog, medan totalt 18 dekar er bebygde areal.

I den vidare prosessen bør ein vurdere om det kan vere hensiktsmessig å flytte eller eventuelt fjerne nokon av areala som er planlagt på myr. Myrområde er generelt lite ønskeleg å bygge ned, mellom anna på grunn av områda si evne til å halde på overvatn og at myrer kan innehalde mykje klimagassar. Når det er sagt er også større område med myr planlagt nedbygd på andre føremål. Ut ifrå det totale arealet avsett til næringsverksemd, har likevel denne arealkategorien størst andel som består av myr i forhold til anna arealbruk. Mange av myr-områda er i tillegg ikkje bygd ned på nåverande tidspunkt, slik at ein framleis har moglegheit til å bevare dei ved rulling av kommuneplanen.

Elles er ein relativt stor andel av skogen i antatt planreserve kategorisert som å inneha enten middels eller høg bonitet. Dette kan vere noko å vere merksam på dersom ein skal vurdere på ny kva område ein skal behalde eller eventuelt ta ut. Samla sett er det berekna 0,36 dekar næringsverksemd per innbyggjar i dag og 0,17 dekar som reserve per innbyggjar.



Næringsverksemd – arealbruk på antatt planreserve innanfor skogsområde



Klimakonsekvensar ved utbygging

Dersom alt arealet avsett til næringsverksemd vert bygd ut over 20 år, tilsvara det 6328 tonn Co2eksv. Dersom områda blir uberørte i 20 år sparar ein 430 tCO2ekv. Med andre ord er det ein del utslepp å spare dersom ein lar vere å bygge ut områda. Samstundes verkar det ikkje som det er satt av eit altfor høgt areal til næring i noverande planar. Ein har framleis noko planreserve igjen, men samanlikna med andre arealkategoriar er ikkje talet særleg høgt. Framfor å redusere størrelsen på områda totalt sett, kan ein vurdere å lokalisere om enkelte av dei slik at ein unngår å byggje ned myr og anna verdifull natur. Dette vil også kunne ha gunstige klimakonsekvensar. I følgje arealstrategien skal ein prioritere næring i sentrumsutviklinga av Kyrkjebygd og reiselivsdestinasjonane. Verksemdar med plasskrevjande næringsverksemdar skal i hovudsak lokaliserast på Toddemonen eller tilsvarande område. Desse føringane vil kunne vere nyttige å ta

6328

tCO2ekv ved full utbygging (20 år)

-430

tCO2ekv hvis uberørt (20 år)

utgangspunkt i når ein skal ta avgjer knyta til dette.

7 LNFR

Oversikt over status for arealbruk


Ei stor overvekt av Åseral kommune sitt areal er i dag avsett til LNFR. Samla sett ligg om lag 734 269 av totalt 891 025 dekar som LNFR-føremål i gjeldande planar. Utbygging i LNFR-områda vil i hovudsak vere knytt til landbruksdrift eller vere samferdselsanlegg. LNFR-føremålet opnar elles ikkje for deling eller bygging. Før dette føremålet vert det ikkje meningsfylt å snakke om «arealreserve», då LNFR ikkje opnar for utbygging utanom tiltak som knyt seg direkte til landbruksføremålet.

Dagens arealbruk og arealtypar innafor LNFR-områda (dekar)


Totalt avsett til LNFR	Areal som er utbygd	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr
734 269	788	1548	5092	220 631	481 084	25 127

*I kategorien Dyrka jord er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.


LNFR-områda består i stor grad av enten opne område eller skog. Av all dyrka jord i kommunen (9490 dekar) ligg 5092 av dei i LNFR-områda, noko som utgjer om lag 54 %. LNFR er arealføremålet som i størst grad sikrar at jorda ikkje vert bygd ned. Eit større felt dyrka jord er opparbeida i område omkring Kyrkjebygd. Med tanke på jordvern er dette noko å vere særleg oppmerksom på i den vidare utviklinga, og kan vere verdt å sjå nærare på i temaplan for «framtidens landbruk i Åseral». Størstedelen av all myr i kommunen ligg også i innanfor LNFR-felt, med 25 127 dekar av totalt 28 697 dekar. Det bør også nemnast at større areal innafor LNFR er bandlagt etter lov om naturvern. Kommunen inngår i tillegg i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde (SVR).



Figur 13: Område avsett til LNFR.




Dersom ein ser nærmare på det bygde arealet innanfor LNFR-områda og kva dette utgjør, er det for det meste transport og telekommunikasjon. Innanfor denne kategorien inngår vegareal – som utgjør størstedelen av kategorien. Også parkeringsplassar tar opp noko plass.



Figur 14: Fulldyrka jord innanfor LNFR-område i sentrum av Kyrkjebygd.


Innafor LNFR-områda er det også ein del idrettsområde. Det er i tillegg område som vert nytta til ulike former for landbruk, slik som tun, utmarksbygg og bygg i samband med fiske. Også ein del fritidsbustader og bustader er etablert innanfor LNFR-felt. Det presiserast at føremålet LNFR-spreidd som omtalast i neste delkapittel ikkje inngår her, men berre areal avsett til reint LNFR-føremål.

Bebyggd eller opparbeidet - Hovedklasse




Sirkeldiagramma under viser ein oversikt over kva type skog, bonitet og grunnforhold som er innanfor LNFR-felt med skog i dag. Barskog utgjer mesteparten av skogen også i dette tilfellet. Størstedelen av marka er impediment, men noko mindre del enn det som er rekna med i antatt planreserve for skogsområda i fritidsbustad-føremål. Altså har skogen innanfor LNFR-område generelt en høgare bonitet enn skogen innanfor fritidsbustad-føremål når det gjeld antatt planreserve. Samstundes er det mykje meir skog innanfor LNFR enn innanfor fritidsbustad-område, slik at dette også må takast med i betraktning.

LNFR – status på faktisk arealbruk innanfor skogsområde



På kartet nedanfor er skogen med høg bonitet innanfor LNFR-område skilt ut. Som det kjem frem av kartet, ligg område med høg bonitet hovudsakeleg i nærleiken av dalføra i kommunen. Generelt ligg dei fleste skogsområda i desse områda, men dei med aller høgast

bonitet konsentrerer seg særleg kring desse plassane. Når det gjeld grunnforhold innanfor skogsområda, er det mest grunnlendt og jorddekt. Skil ein ut områda med høg bonitet, er det samstundes så og sei berre jorddekte felt desse samsvarar med.



Figur 15: Skog innanfor LNFR-område med høg bonitet i dag.

Klimakonsekvensar ved utbygging

Innafor føremålet er det ikkje berekna utbygging av betydning. Ein arealbruk i tråd med føremålet vil derfor ikkje gje noko utslepp. Dersom områda vert liggjande uberørte i 20 år sparar ein derimot 667 226 tCO₂ekv. Med andre ord er det potensiale til å spare store mengder utslepp dersom ein ikkje gjer om desse område til utbyggingsføremål i framtida.

(Blank)

tCO₂ekv ved full utbygging (20 år)

-677 266

tCO₂ekv hvis uberørt (20 år)


8 LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbustader eller næringsbygningar

Oversikt over status for avsett areal og arealreserve i gjeldande planar (dekar)

Areal avsett til føremålet i gjeldande planar	Areal som alt er utbygd til arealføremålet	Antatt arealreserve i gjeldande planar	Antatt arealreserve pr. innbyggjar
44 330	722	419*	0,46

*Dette er Agder fylkeskommune sitt anslag ut frå ei streng vurdering av kva som er reelle utbyggingsmoglegheiter i spreidd-områda.

I Åseral kommune er det per i dag totalt 44 330 dekar som er avsett til LNFR-spreidd. LNFR-spreidd områda ligg hovudsakeleg i og nær dalføra og vegareal i kommunen.



Figur 16: LNFR-spreidd slik det er avsett i planar i dag.

Fordi ein har store areal med LNFR-spreidd som opnar for bygging, gjer dette på den eine sida stor fleksibilitet for nye etableringar. På den andre sida er det uføreseieleg kvar nye etableringar kjem. I motsetning til andre arealføremål er ikkje LNFR spreidd konsekvensutgreidd, og konflikt med andre viktige omsyn er ikkje alltid godt nok kartlagt.

Det som kjenneteiknar LNFR-spreidd er at ein vanlegvis ikkje like fritt kan byggje ut områda, samanlikna med andre byggjeføremål. Her er det anslått eit utbyggingspotensiale på vel 419

dekar. Med andre ord er det relativt få dekar ein reknar med kan byggjast ut av arealet som faktisk er satt av til føremålet. Nøyaktig kvifor ein antar at planreserven er såpass liten er ikkje kjend. I og med at områda ligg nært dalføra der det også er stor skredfare, kan det tenkjast at dette er blant dei viktigaste årsakene. Elles er ikkje noko fulldyrka eller overflatedyrka jord inkludert i planreserven, berre ein mindre del av innmarksbeite.

Åseral kommune har gjennom forvaltning av gjeldande arealdel sett at føresegn og retningslinjer for spreidd-områda ikkje fungerer optimalt. Dei største utfordringane er knytt til spreidd utbygging av fritidsbustader i LNFR-område. Det er behov for å skaffe ei oversikt over status for frådelt og bygde hytter i LNFR. Målet for dette arbeidet er å få eit godt kunnskapsgrunnlag og legge betre rammer for behandling av søknader og planar som gjeld fritidsbustader. I dette delkapitelet gis det ein overordna oversikt over status per i dag. Anna arbeid vil måtte undersøkje nærare korleis statusen er på eit meir detaljert nivå, dersom det er ønskeleg og formålstenleg.

Dagens arealbruk og arealtypar innafør føremålet i gjeldande planar (dekar)


Totalt avsett til LNFR spreidd	Areal som alt er utbygd innafør føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord* innafør føremålet	Skog innafør føremålet	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
44 330	722	979	4155	30 892	3016	2352	2215

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

Når det gjeld den faktiske arealbruken, kan det vere verdt å merke seg at det er mykje fulldyrka jord som ligg innanfor desse felta. Til tross for at det nok ein gong er overvekt av skog, er det slik som for dei reina LNFR-felta ein god del jordbruksjord her. Totalt er det 2954 dekar fulldyrka jord innanfor føremålet. Områda er noko spreidd. Likevel finnest det mellom anna ein større samling i den austlege dalen nordover frå Kyrkjebygd. Det er også ein del felt i ein austgåande dal lenger sør i kommunen, slik figuren under synar. Dette er areal som står i fare for å bli bygd ned dersom gjeldande arealføremål vidareførast.



Figur 17: LNFR spreidd-område som er kategorisert som fulldyrka jord i dag.



Byggje- og delesaker vil krevje løyve etter jordlova dersom ein ønskjer å byggje innfor desse områda. Press på områda vil likevel vere større enn for dei reine LNFR-felta. Forhold som oppstyking av jord og konflikt mellom frilufsinteressar og jordbruksinteressar vert meir sannsynleg for desse områda.



Kva for areal vert potensielt bygd ned? (dekar)

LNFR-spreidd	Totalt	Areal alt utbygd innfor føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Antatt arealreserve	419**	1	-	5	257	96	58	3

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman. **Dette er Agder fylkeskommune sitt anslag ut frå ei streng vurdering av kva som er reelle utbyggingsmoglegheiter i spreidd-områda.

Når det gjeld antatt planreserve, er denne på 419 dekar. Med eit totalt areal på 44 330 dekar innanfor føremålet, er ikkje dette særleg mykje. Mesteparten av planreserven består av skog, men også ein del opne område og myr.


Når ein ser nærare på kor antatt planreserve ligg, er denne teikna inn som mindre og spreidde område rundt i kommunen. Nedanfor visast eit døme aust for Kyrkjebygd. Det er stort sett dei same forholda også andre stader i kommunen. Medrekna i planreserven inngår ingen område som i dag utgjerast av fulldyrka eller overflatedyrka jord. Her må ein igjen vise til at anslaget til Agder fylkeskommune er nøkternt. Dyrka og dyrkbar jord er bevisst heldt utanfor planreserven.



Figur 18: Antatt planreserve av LNFR spreidd-areal.

Når det gjeld skogsarealet i antatt preserve, er det nok ein gong mest barskog blant denne. 35,4% er impediment, mens 10,4% gar høg bonitet. Med tanke på at dette utgjer forholdsvis lite areal, er det likevel ikkje særleg mange område dette gjeld.

LNFR-spreidd – arealbruk på antatt planreserve innanfor skogsområde



Klimakonsekvensar ved utbygging

Dersom 100% av arealet avsett til LNFR-spreidd vert utbygd over 20 år, tilsvara det 12 101 tonn CO₂ekv. Dersom det blir ubygd i 20 år, er det berekna at ein sparar 98 755 tCO₂ekv. Sistnemnde er eit høgt tal samanlikna med bustad og sentrumsføremål, felt med fritidsbustader og næringsverksemd. Samtidig utgjer også LNFR-spreidd områda ein relativt stor andel av det totale arealet i kommunen, og vesentleg meir enn dei nemnde føremåla. Det er likevel eit stort potensiale til å redusere utslipp av klimagassar her. I og med at LNFR-spreidd opnar for utbygging i område som også ligg utanfor antatt planreserve, er det fare for at større eller mindre område med til dømes dyrka jord og myr kan bli utbygd. Ifølgje arealstrategien er spreidd bustadbygging i LNFR-område ynskeleg. I det vidare arbeidet kan ein samstundes vurderer om ein vil legge opp til å styre kvar utbygginga faktisk kjem i større grad, for å ha meir kontroll på ikkje bygge ned verdifulle område og å redusere klimakonsekvensane

12 101

tCO₂ekv ved full utbygging (20 år)

-98 755

tCO₂ekv hvis uberørt (20 år)

9 Veg og samferdsel

Oversikt over status for avsett areal og arealreserve i gjeldande planar (dekar)

Areal avsett til føremålet i gjeldande planar	Areal som alt er utbygd til arealføremålet	Antatt arealreserve i gjeldande planar	Antatt arealreserve pr. innbyggjar
1086	558*	291	0,32


* Her er kategoriane «bebyggd» på 109 dekar og «samferdsel» på 449 dekar summert.

Det er avsett nesten like mange dekar med samferdselsanlegg-føremål som bustad eller sentrumsføremål i Åseral kommune. Totalt er det registrert 1086 dekar med samferdselsanlegg. Grunna den grå fargen på felta og nesten den same fargen på kartgrunnlaget, er det noko utfordrande å få eit overblikk over kor felta ligg. Ser ein områda i samanheng med andre felt, får ein likevel ein peikepinn på kor dei er.

Ein del av felta ligg i dei sentrumsnære områda slik som Kyrkjebygd, Ljosland, Bortelid og Eikerapen. Felta består av ulike formar for vegareal og andre felt nytta til samferdsel slik som parkeringsområde.



Figur 19: Grå felt på figuren synar samferdselsanlegg i gjeldande planar ved Eikerapen.




Figur 20: Grå felt på figuren synar samferdselsanlegg i gjeldande planer ved Ljosland til venstre og Bortelid til høgre.

Dagens arealbruk og arealtypar innafør føremålet i gjeldande planar (dekar)

Totalt avsett til veg og samferdsel	Areal alt utbygd	Areal elles nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
1086	109	449	17	217	209	64	20

Områda avsett til samferdsel blir for det meste nytta til samferdsel i dag. Statistikk over den faktiske arealbruken synar også at ein del felt er bebygd, eller kategorisert som skog eller opne område. 64 dekar utgjerast av myr.





Kva for areal vert potensielt bygd ned? (dekar)


Veg og samferdsel	Totalt	Areal alt utbygd innafør føremålet	Areal nytta til samferdsel	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Antatt arealreserve	291	5	-	8	102	128	45	3

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

Antatt planreserve er på 291 dekar for samferdselsanlegg. Mesteparten av reserven ligg på naturområde, slik som skog og opne område. Ein god del er også på myr. Nedanfor visast to døme på arealreserve ved Bortelid og Eikerapen. Mesteparten av denne reserven består av skog og opne område, men også noko myr. Det er ikkje noko dyrka mark ved desse felta. Felta er likevel døme på forholdsvis store utbyggingar av samferdselsanlegg som potensielt beslaglegg verdifulle naturområde.




Figur 21: Arealreserve for samferdselsanlegg ved Bortelid.



Figur 22: Arealreserve for samferdselsanlegg ved Eikerapen.

Samferdselsanlegga i seg sjølv beslaglegg ikkje like mykje areal som andre kategoriar som er nemnd i dokumentet. Dei kjem gjerne som eit nødvendig tillegg i samband med andre utbyggingar. Dersom ein reduserer arealet til andre byggeføremål, slik som til dømes bustader, fritidsbustader eller næring, vil det også kunne gjere det mindre aktuelt å byggje ut i tråd med dette føremålet. Samstundes kan korleis ein byggjer ha mykje å sei for mengda veg og anna infrastruktur ein treng. Byggjer ein tett i allereie utbygde område, vil dette vanlegvis krevje mindre areal til samferdsel enn om utbygginga er meir spreidd. På denne måten vil ein også kunne redusere mogleg nedbygging av natur som kjem som ein følge av samferdselsanlegg.

Samferdselsanlegg – arealbruk på antatt planreserve innanfor skogsområde



Klimakonsekvensar ved utbygging

Dersom 100% av arealet avsett til samferdselsanlegg vert utbygd over 20 år, tilsvara det 6220 tonn CO₂ekv. Dersom det blir ubyggt i 20 år, er det berekna at ein sparar 64 tCO₂ekv.

Sjølv om klimakonsekvensane kan synast mindre ved dette føremålet, må ein ta med i berekna at utbygging av veg kan gje meir biltrafikk og der igjennom meir utslepp. Igjen kjem det ann på korleis andre føremål byggjast ut, men betre tilgjengelegheit med bil kan gje meir trafikk. Ifølge arealstrategien til kommunen skal det vere enkelt og trygt å velje sykkel som framkomstmiddel i alle delar av kommunen der dette let seg gjere. I Kyrkjebygd skal transport i større grad enn no foregå til fots eller med sykkel. Det skal vere fokus på gang- og sykkelveg og trygg ferdsel for mjuke trafikantar. Med dette i tankane, kan samferdsels-føremålet også nyttast for å skape meir miljøvennlege reisemåtar. Kvar felte ligg og korleis dei byggjast ut, vil sett i samanheng med andre arealføremål vere avgjerande for kva klimakonsekvensar føremålet får.

6220

tCO₂ekv ved full utbygging (20 år)

-64

tCO₂ekv hvis uberørt (20 år)

10 Oppsummering

Nedanfor gis ei oppsummering av tal i forbindelse med antatt planreserve. Over tabellane er spørsmål som ein kan ta med seg i den vidare drøftinga av arealføremåla.

Er arealreserve for dei einskilde utbyggingsføremål rett dimensjonert? (dekar)

Arealføremål	Avsett areal til føremåla i gjeldande planar	Areal som alt er utbygd innafor føremåla	Berekna omfang av arealreserve i gjeldande planar	Berekna omfang av arealreserve, per innbyggjar
Bustader og sentrumsføremål ¹²	1137	138	804	0,88 0,66*
Fritidsbustader	8340	1338	5356	5,87
Næring	324	64	156	0,17
LNFR-areal for spreidde bustader, fritidsbustader el. næringsbygningar.	44 330	722	419**	0,46
Veg og samferdselsanlegg	1086	558 ***	291	0,32

* For berre bustadareal, når ein held sentrumsføremål utanfor **Antatt planreserve - der dyrka jord og andre område som er ueigna for utbygging er heldt utafor. *** Her er kategoriane «bebyggd» på 109 dekar og «samferdsel» på 449 dekar summert.

Kva natur vert bygd ned dersom arealreserven vert bygd ut? (dekar)

Arealføremål	Dyrka jord*	Skog	Open fastmark	Myr	Ferskvatn
Bustader og sentrumsføremål	43	653	36	63	1
Fritidsbustader	22	2872	2077	338	11
Næring	14	43	-	75	4
LNFR-spreidd	5	257	96	58	3
Veg og samferdselsanlegg	8	102	128	45	3
Totalt	92	3927	2337	579	22

*I kategorien er fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite slått saman.

¹² For føremålet bustader vel vi å inkludere sentrumsføremål sjølv om ikkje det går direkte fram av planprogrammet. Grunngevinga for dette er at det forenkler arbeidet med arealrekneskapa fordi dette er ein felles kategori i Agder fylkeskommune sitt arealrekneskap.

Kva for klimakonsekvensar vil utbygging av arealreserven ha?

Arealføremål	tCO2ekv ved full utbygging (20 år)	tCO2ekv hvis uberørt (20 år)
Bustader og sentrumsføremål	26 668	-2268
Fritidsbustader	113 476	-7478
Næring	6328	-430
LNFR	-	-677 266
LNFR-spreidd	12 101	-98 755
Veg og samferdselsanlegg	6220	-64

Oppsummerande råd for den vidare prosessen med arealdelen til kommuneplanen

- Arealreserven tilseier at det er tilstrekkeleg bustadareal i gjeldande planar for venta bustadbygging i Åseral kommune.
- For å få ei meir berekraftig utvikling og følgje opp arealstrategien om å styrke Kyrkjebygd som sentrum, bør ein vurdere å ta ut dei to områda for bustadbygging i nærleiken av Egså.
- Det er sett av store område for fritidsbustader i dag. Desse er i stor grad samla ved Eikerapen, Bortelid og Ljosland. I tråd med arealstrategien bør ein fortrinnsvis fortette i desse eksisterande og utbygde områda. Ein bør samstundes vurdere å redusere arealstorleiken, og gjere justeringar på felt slik at ein unngår å byggje ned verdifulle naturområde.
- Det er ikkje satt av for mykje areal for næringsverksemd, med særleg eit felt ved Bortelid ser ut til å ha ei uheldig plassering på myr og registrert vassdrag. I og med at dette område ikkje er regulert eller bygd ut, bør ein vurdere om næringsområdet kan få anna lokalitet. I tråd med arealstrategien bør plasskrevjande næringsverksemdar hovudsakeleg lokalisast ved Toddemonen eller tilsvarande område. Igjen bør ein unngå å byggje ned verdifulle naturområde, som ein ser at nokon av desse områda er plassert på.
- Om lag halvparten av den dyrka jorda i kommunen ligg innanfor LNFR-føremål i dag. Ein bør vurdere å leggje meir av dagens dyrkajord innanfor dette føremålet. Det same gjeld viktige naturområde, slik som skog og myr, for å betre sikre desse areala mot utbygging.
- LNFR-spreidd føremål bør reduserast. For å ha betre kontroll på kvar ein byggjer bustader, fritidsbustader og næringsverksemd, bør ein i større grad konsentrere desse under føremål som regulerer for spesifikk bruk. Det bør ikkje liggje LNFR-spreidd føremål på dyrka jord eller i faresoner. Ein bør vurdere om det fortsett skal være LNFR-areal for spreidd fritidsbustadbygging, jamfør arealstrategien.
- Etablering av samferdselsanlegg må som dei andre føremåla sjåast i samheng med kvarandre.

Avsluttande kommentarar:

Sjølv om kommunedelplanane for dei store hytteområda i kommunen ikkje skal rullerast no er alt kommunen sitt areal ein del av analysen. Vi har teke utgangspunkt i dei tala som ligg føre i arealrekneskapen frå Agder fylkeskommune, og det ville krevje ei anna tilnærming å skulle halde areala frå kommunedelplanane utanfor. Vidare gjev ei samla oversikt over kommunen sitt areal eit viktig grunnlag også for framtidig revisjon av kommunedelplanane.

Det er ikkje gjort eigne GIS-analyser som grunnlag for arealrekneskapen, og vi ser at ein skilde tema kunne vore kartlagt meir konkret gjennom slik analyse. Mellom anna fått synleggjort kvar det er konflikt mellom utbyggingsområde og til dømes viktige friluftsområde, samanhengande jordbruksareal eller risikoutsette område/fareområder. Dette kan igjen nyttast til å vurdere endringar og justeringar i arealdelen for å nå eigne arealstrategiar og mål.

